

Årsplan for Bøhamna barnehage 2026-2027



Midt-Telemark
kommune

<i>Innleiing</i>	2
<i>Presentasjon av barnehagen</i>	3
Fysiske rammer	3
Kontaktinformasjon	3
<i>Vår visjon, målsettingar og arbeidsmåtar</i>	4
<i>Område 1: Ivareta barnas tryggleik og helse</i>	5
Vaktordningar, kompetanse og dagsrytme	5
<i>Område 2: Skape tryggleik, gode relasjonar og eit inkluderande miljø</i>	7
Skape samanheng i overgangar	7
Danning gjennom omsorg, leik og læring	11
Sosial kompetanse - ein forutsetning for å fungere i ulike samspel	13
Psykososialt læringsmiljø og «Trygghetssirkelen»	14
Leiken i barnehagen	15
Utviklingsarbeid: Leik, leikemiljø	16
Arbeid med språk og språkmiljø	17
Samarbeid med heimen	18
Arbeid i personalgruppa - Kvalittskultur	20
Tidleg og samordna innsats - tverrfagleg samarbeid	23
<i>Område 3. Eit Aktivt og spennande miljø</i>	24
Fagområder	24
Den digitale praksis i barnehagen	24
Nærmiljø og samarbeidspartar	25
Årshjul for Bøhamna barnehage	25
<i>Område 4 . Dokumentasjon og synleggjering</i>	28

Innleiing

Denne årsplanen byggjer på Rammeplan for barnehagar.

Årsplanen byggjer og på lokale planar for oppvekst i Midt-Telemark kommune.

Personalet har i samarbeid arbeida fram målsettingar og arbeidsmåtar. Jamlege observasjonar, refleksjonar og evalueringar av praksis er utgangspunkt for denne planen. Planen er fastsett av samarbeidsutvalet for barnehagen.

Planen er eit arbeidsverktøy for personalet, eit samarbeidsverktøy mellom tilsette og foreldre og den skal synleggjere barnehaganes mål og arbeidsmåtar.

Planen viser korleis vi skal arbeide på eit overordna nivå; det som skal gjennomsyre vårt daglege arbeid.

Den gjev ikkje detaljera føringar for veker og dagar. Vekeplanar og dagsplanar må til ei kvar tid tilpassast barnegruppene gjennom året. Det må derfor gjerast gjennom dei møte - og planleggingsarenaer vi har utover i året.

Vi ser fram til eit spennande og nytt år i Bøhamna barnehage!

Presentasjon av barnehagen

Bøhamna barnehage er ein av 3 kommunale barnehagar i Midt-Telemark.

Vi har 4 avdelingar.

Småbarnsavdelingane Veslefrikk og Nøtteliten med 12 barn kvar i alderen 0-3 år.

Tyrihans har 24 barn i alderen 3-4 år. Revehiet har 24 barn i alderen 4-5 år.

Alle avdelingane har 4 årsverk i grunnbemanning, dvs. 2 pedagogar og 2

fagarbeidarar/assistentar. Det kan i tillegg være bemanning for barn som treng ekstra støtte.

Barnehagen har og ein spesialpedagog som som gjev ekstra støtte for barn og grupper som treng det. Stillinga er knytt til alle 4 avdelingar.

Med sin nærleik til USN, har studentar prioritet ved opptak.

Fysiske rammer

Barnehagen ligg i sentrumsnære områder ved universitetet. Nærmaste naboar er universitetet med løpebane, skaterampe, skiløyper, skøytebane og Kroa i Bø. I nærmiljøet har vi og skogområde ved Bøhaugen (Nøtteskogen) og Niståsnabben. Vi har kort veg til Gullbring kulturanlegg med svømmebasseng, Evjudalen, bibliotek m.m.

Vi har utvikla ein grønsakhage saman med foreldre og studentar, i skogområdet nedanfor Bøhaugen.

Kontaktinformasjon:

Telefon:

Hovednr.: 35 05 95 60

Avd. Tyrihans: 40 91 47 65

Avd. Revehiet: 40 91 47 63

Avd. Veslefrikk: 40 91 47 66

Avd. Nøtteliten: 40 91 47 64

Styrar: 97 10 19 88

e-post: ashe@mt.kommune.no

Vår visjon, målsettingar og arbeidsmåtar

Visjonen vår er:

« Eg og du - Her og nå – På veg mot framtida»


På denne figuren finn vi vår visjon i midten.

Det er 4 hovudområde vi må arbeide med til dagleg.:

1. Ivareta barnas tryggleik og helse
2. Gode relasjonar i eit mangfaldig og inkluderande miljø
3. Skape eit aktivt og spennande miljø
4. Dokumentere og synleggjere verksemda

Dei sirkclar rundt visjonen vår i ei prioritera rekkefølge.

Dei er nært knytt til kvarandre, og går til dels over i kvarandre.



Område 1: Ivareta barnas tryggleik og helse

Vaktordningar og kompetanse

Vi må til ei kvar tid sørge for å ha vaktordningar som gjev den best moglege vaksentettleiken gjennom dagen.

Dei tilsette skal ved oppstart av nytt barnehageår repetere beredskapsplanar, førstehjelp og sjekkrutiner. Vi skal ha rutinar for opplæring av nye vikarar og sørge for at dei ikkje har vakter der dei går aleine.

Dagsrytme

- 07.15: Barnehagen opnar
Barn og foreldre takast imot, utveksling av viktig informasjon for å ivareta barnet
Frukostniste for dei som ikkje har ete heime – til kl 8.30
Leik
Organisera aktivitetar i ulike grupper inne og ute
- Ca 11.00: Måltid
- Ca 12.00: Soving for dei som treng det
Leik
Organisera aktivitetar inne og ute
- Ca 14.00: Måltid m/frukt
Leik/Organisera aktivitetar
Avskjed og takk for i dag
- 16.45: Barnehagen stenger
Barna skal være ute av barnehagen til denne tida

Vi ber om at foreldre gjev beskjed, dersom barnet kommer etter kl. 09.30 på dagen, eller om det skal ha fri, eventuelt er sjuk.

Avdelingane følgjer i hovudsak denne dagsrytma, men må tilpassast dei behov barna har. Spesielt på småbarnsavdelingane vil dei minste barnas mat -og sove tider måtte tilpassast det einskilde barnet.

Organiseringa skal skape god balanse mellom aktivitet og kvile.

Dagsrytma er viktig for barnas oppleving av tryggleik og ein forutsigbar kvardag. Samtidig må det være rom for fleksibilitet, for å tilby barna ein variera og spennande barnehage kvardag, der deira leikelyst og forskartrøng blir stimulera.

Tidspunkt og innhald i aktivitetane må derfor evaluerast med jamne mellomrom, og planleggast meir detaljert i høve til behov dei ulike barn, grupper og avdelingar har.

Måltida skal organiserast i samsvar med nasjonale retningslinjer for mat i barnehagen:

<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-barnehagen#>

Barnehagen skal ha tilnærma lik påleggsmeny i avdelingane. Varmmat meny på kvart kjøkken kan variere ut frå moglegheiter og behov i barnegruppene.

Frukt og grønt er ein viktig del av kosthaldet i barnehagen. Vi har lik praksis og meny for dette på dei to kjøkkene våre.

Innhaldet skal gjerdast kjent for dei føresette.

Trafikksikker kommune

Midt-Telemark er godkjent som Trafikksikker kommune. I den samanheng er det laga eigen plan for skular og barnehagar som vi følgjer, knytt til arbeid med trafikkopplæring og trafikksikkerheit:

[Trafikksikkerhetsplan \(midt-telemark.kommune.no\)](https://www.midt-telemark.kommune.no/trafikksikkerhetsplan)

Planen skal evaluerast i samband med fastsetting av denne årsplanen.

Område 2: Gode relasjonar i eit mangfaldig og inkluderande miljø

Skape samanheng i overgangar

Frå heim til barnehage - Småbarnsavdelingane: Veslefrikk og Nøtteliten

Veslefrikk får 8 nye barn, 4 barn gjekk på avdelinga året før. Nøtteliten får 5 nye barn, 7 barn gikk på avdelinga året før.

Med mange nye barn, som startar barnehagelivet sitt på hausten vil hovudfokuset være å bli kjent og skape trygg tilknytning til dei vaksne. Det inneber at personalet må lære dei nye barna og foreldra å kjenne. Dei nye barna skal bli trygge på vaksne, og på kvarandre, og få oversikt over det nye livet i barnehagen. Barna som gjekk på avdelinga i fjor må og få høve til å finne si nye rolle i gruppa og lære dei nye å kjenne.

Etter kvart knyt barna seg til kvarandre, og dei vaksne hjelper til slik at dei utviklar venskap og tilhørighet i gruppa.

Til ny avdeling:

Mellomstor avdeling: Tyrihans

På Tyrihans er det 8 barn som gjekk på avdelingen året før. Det er 7 barn som kommer frå avd. Veslefrikk, 5 barn kommer frå avd. Nøtteliten. 4 barn er heilt nye i barnehagen. Frå oppstart i august og utover hausten må barn og vaksne bruke god tid på å bli kjent med kvarandre. Det er viktig å etablere rutinar og aktivitetar som skaper tryggleik og gode dagar, tilpassa denne aldersgruppa. Vaksne skal hjelpe barna med å finne seg til rette i gruppa, skape relasjonar og vennskap.

Den største avdelinga: Revehiet

På denne avdelinga er det 7 barn som gjekk på avdelinga året før. Det er 15 barn frå avdeling Tyrihans og 2 barn er nye i barnehagen. Dette er ei gruppe barn med mykje barnehageerfaring. Likevel skal dei finne saman som gruppe og skape nye relasjonar. Det kan være utfordrande, men spennande og lærerikt når ein får god støtte og lykkas.

Dei 17 eldste (født i 2021) skal være i skoleklubb 1-2 dagar i veka.

Tiltak:

- Skriftleg informasjon til nye barn og foreldre i løpet av mai måned (før nytt barnehaegår)
- Foreldresamtalar og besøksdagar i mai/juni for dei som er nye frå hausten.
- Plan for overgangsaktivitetar for barn som skifter avdeling, samt foreldresamtalar/overgangssamtaler
- Samtaler med dei nye foreldra dei fyrste dagane ved oppstart
- Vaksne som har tett kontakt med barn og foreldre
- Ha samlingsstunder for å bli kjent som gruppe
- Øve på namn ved å synge namnesangar, henge opp bilete
- God tid til leik der vaksne er til stades og deltakande
- Ha gode rutinar for barna som gjev tryggleik og forutsigbarhet

Vi legg vekt på at barna skal få ein god start på dagen. Vi vil møte barn og foreldre i garderoben/på avdeling når dei kommer. Av og til er det ikkje tid til å snakke så mykje med foreldra som vi ynskjer. Men barna skal likevel bli sett, sagt hei til kjenne seg velkomne og ivaretatt.

Frå barnehage til skule

Siste året før skulestart har barna aktivitetar i eiga gruppe ein til to dagar i veka. Den kallas for "skuleklubb".

Mål for skuleklubb:

- Positive forventningar til å starte på skulen
- Kjenne meistring
- Opplive glede
- Kunne sitte i ro, ta i mot beskjedar
- Kunne nokre regelleikar

Tiltak:

- Barna får egne arbeidsbøker eller permar
- Korte arbeidsøker med spill, oppgaver m.m.
- Leik og planlagde aktivitetar inne og ute
- Trene seg på riktig påkledning
- Turar i nærmiljøet; både i skogen og i trafikken
- Skulebesøk
- Overgangssekk - sekk med innhald som dei vil kjenne igjen på Bø skule og Folkestad skule

Barnehagane og barneskulane i Bø har samen laga ein plan for at overgangen frå barnehagen til skulen skal bli best mogleg:

[samarbeidsplan-bhg-skule-i-bo.doc \(live.com\)](#)

Besøksdagar på skulen, overgangsmøter mellom personalet i barnehagen og skulen, er noko av det som blir beskrive i planen.

Vi vil arbeide for at vi saman med barnehagane og skulane i Bø kan vidareutvikle gode samarbeidsformer.

Vi har ofte barn som flytter til andre kommunar etter tida i barnehagen. Da er det nokre praktiske begrensingar i samband med samarbeid med kvar skule barn hos oss skal på. Det er likevel viktig at vi har gode rutinar for dei barna som skal starte på skule i ein annan kommune enn Midt-Telemark. Dette må vi samarbeide med foreldra om.

Det aller viktigaste for alle barna som skal over til skulen, er å utvikle god sjølvkjensle, gjere dei trygge, slik at dei er godt rusta til å møte ukjente situasjonar og være i stand til å samhandle i ulike fellesskap.

Dette arbeider vi med heile tida i barnehagen, blant anna gjennom arbeidet med: Leik, Trygghetssirkelen, relasjonar, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk som er omtala i årsplanen vår.

Danning gjennom omsorg, lek og læring

- Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.
- Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kommer til uttrykk i ulike religionar og livssyn som er forankra i menneskerettane.

Dette vil vi oppnå gjennom:

- Vaksne som gode rollemodellar
- Vaksne som gjev tryggleik gjennom å være tydelege og viser omsorg
- Nært samarbeid med alle foreldra
- Glede ved å være ute i naturen og nærmiljøet
- Respektere leiken som barnet sitt uttrykksform og gje leiken gode rammevilkår
- Glede ved å samhandle og utvikle vennskap med andre barn
- Utvikle den enkeltes evne til empati
- Kjennskap til tradisjonar i norsk kultur og kulturar som er representera i barnehagen
- Delta og bidra i barnehagens nærmiljø
- Systematisk arbeid med psykososialt læringsmiljø
 - Nytte «Handlingsplan for et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø»
 - Arbeide etter modellen «Trygghetssirkelen»

Barns medverknad

- Barna har rett til medverknad tilpassa sin alder og forutsetningar.
- Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglege verksemd.
- Barn skal få høve til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagens verksemd.
- Barn skal bli sett, «tatt med på laget» av andre barn og vaksne
- Alle barn skal oppleve demokratisk deltaking ved å bidra og medverke i eit mangfaldig miljø

Dette vil vi å oppnå i barnehageåret.

- Vaksne som aktivt lyttar til verbalt språk og non-verbalt språk i daglege aktivitetar
- Vaksne som anerkjenner barns følelsar
- Vaksne som rettleiar og hjelper barna til å løyse konflikhtar
- Mykje leik der vaksne er observatørar, rettleiarar, tilretteleggerar og deltakarar
- Barn som får uttrykkje seg i samtalar, samlingsstunder m.m.
- La barna få trening i å lytte til andre



Sosial kompetanse – ein forutsetning for å fungere i ulike samspel

Småbarnsavdelingane Veslefrikk og Nøtteliten

Det å forholde seg til andre og bli trygg på seg sjølv er grunnleggande ferdigheter menneske utviklar. Barna på desse avdelingane er i starten av livet og er nå i ferd med å tileigne seg denne kompetansen. Vi skal legge forholda til rette for at barna skal oppnå dette. Tidleg erfaring med jamaldrande barn, trygge og tydelege vaksne er viktig for å nå måla. Jmf. Rammeplanen handlar sosial kompetanse om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar. Dei tilsette skal være til stades for barna, observere og være delaktig i barnas kvardag. I leiken gjer barna relasjonsarbeid heile tida. Dei søker kontakt, etablerer og opprettholder relasjonen eller blir avvist. Mykje av tida i barnas leik må vaksne sitte på golvet eller ved bordet, i graset, midt i aktiviteten til barna ute og inne, hjelpe og rettleie.

Dei større avdelingane Tyrihans og Revehiet

Barns utvikling av sosial kompetanse inneber i stor grad evne til å ha gode relasjonar til andre menneske. Det er da viktig at barn er del av eit miljø der toleranse, inkludering og respekt er sentralt. I barnehagen har vi eit rikt mangfald, der vi på ulike vis kan hjelpe barna med kunnskap og erfaringar som gjer at dei ser gleda over at vi er forskjellige, skapar nysgjerrigheit, skapar gode haldningar til at vi alle i så måte er unike, og at alle er eit godt bidrag til fellesskapet.

Tiltak:

- Dele barna inn i små grupper
- Være lyttande vaksne og gode rollemodellar
- Møte barn på ein støttande og anerkjennande måte
- Temaarbeid som styrker sosial utvikling spesielt
- Sette av god tid til leik og ha leik som utviklingsarbeid for barnehagen
- Legge til rette for oppgåver som krev samarbeid
- Vaksne som rettleiar og hjelper barna i spontane situasjonar som oppstår
- Arbeide særskilt med psykososialt miljø
- Arbeide med utvikling av språk og språkmiljø


Psykososialt læringsmiljø og «Trygghetssirkelen»

Kapittel 8 i barnehagelova omfattar barnehagens psykososiale læringsmiljø. Barnehagane i Midt-Telemark har utvikla ein felles plan for det psykososiale barnehagemiljøet:

[handlingsplan-for-et-trygt-og-godt-psykososialt-barnehagemiljo.pdf \(midt-telemark.kommune.no\)](https://www.mt-kommune.no/handlingsplan-for-et-trygt-og-godt-psykososialt-barnehagemiljo.pdf)

I fleire tidlegare år har vi jobba med eit utviklingsarbeid knyt til modellen «Trygghetssirkelen» (CosP). Dette har blitt ein grunnleggande måte å forstå barn og kvarandre på. Tankesettet og væremåten er i stor grad implementert i dei vaksne sitt arbeid. Barna skal erfare at alle vaksne handlar i tråd med Trygghetssirkelen.

Modellen må stadig repeteras. Dei vaksne skal saman reflektere rundt eigen praksis knytta til modellen og på den måten vidareutvikle praksis til beste for den enkelte og fellesskapet.



Leiken i barnehagen

Dette seier Rammeplanene for barnehagar om leik:

Barnehagen skal vareta barnas behov for lek

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast.

Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal være en arena for utvikling og læring og for sosial og språklig samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik - åleine og samann med andre.

Personalet skal

- organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik
- bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik og leggje til rette for utvikling av leiketemaer
- fremje eit inkluderende miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik
- observere, analysere, støtte, delta i og gjere leiken på barna sine premissar
- rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster
- være bevisste på og vurdere eiga rolle og deltaking i leiken
- ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken.

Utviklingsarbeid - Leik og leikemiljø

Barnehagen deltar i regionalt kompetanseutviklingsarbeid; ReKomp.

Det er USN som har fagleg rettleiingsansvar i utviklingsarbeidet. Vi fortsett her arbeidet med å utvikle gode leikemiljø.

Leiken er barns viktigaste og mest naturlege aktivitet. Som vaksne må vi sørge for at leiken i barnehagen har gode vilkår, jmf Rammeplanen. Da må vi ha kunnskap, haldningar og feridgheter som gjer det mogleg. Hjerneforskning viser at leik er avgjerande for barns utvikling og mentale helse. Derfor skal dette være vårt utviklingsområde i dei kommande åra.

Overordna målsetting er:

Vi skal utvikle ein medviten og aktiv vaksenrolle som fremjer, støttar og berikar leiken til barna.

Avdelingane lagar egne utviklingsplanar med delmål og aktivitetar som skal byggje opp under arbeidet med dette hovedmålet.



Arbeid med språk og språkmiljø

Språkferdigheter er viktig for barnas utviklingsmoglegheiter i barnehagen.

Vi har føringar i rammeplanen, og forskning som viser nettopp dette.

Rammeplanen seier at «Barnehagen skal være bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitet som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling» (R.p. 2017, s.23)

Tiltak:

- Vaksne med kompetanse og gode språkmodellar
- Utvikle forteljarglede og leseglede
- Tiltak for utvikling av sosial kompetanse gjeld også her
- Språkgrupper for fleirspråklege og for barn som treng stimulering og oppfølging i mindre grupper
- Aktiv bruk av modell for spesialpedagogisk hjelp

Samarbeid med heimen

I formålsparagrafen i barnehagelova står det mellom anna: «Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling».

Jamfør rammeplanen skal personalet og foreldra samarbeide til barnets beste på individ -og gruppenivå. Dei skal samarbeide ut i frå at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve å forvalte.

Mål

Vi skal skape eit miljø:

- der foreldre og personale er opne om sine forventningar til kvarandre
- der ein kan være fleksibel og ta individuelle omsyn, til beste for det einskilde barn og gruppa

Korleis nå måla:

- Dagleg kontakt ved levering og henting
- Foreldremøter
- Startsamtarar med nye foreldre
- Overgangssamtalar for dei som skifter avdeling
- Foreldresamtalar minst ein gang i året
- Samtalar etter behov som begge parter kan ta initiativ til
- Årleg digital brukarundersøking
- Møter i samarbeidsutvalet (Su) og foreldreutval (Fau)
- Månadsbrev og månadsplanar til heimen via Visma foreldreapp
- Informasjon om kven tilsette og vikarar barna møter på avdelingar, via planar, beskjedar og ved bilete i garderobane
- Dugnad på våren
- Sosiale samankomstar gjennom året

Foreldreråd, foreldreutval (Fau) og samarbeidsutval (Su)

I følge barnehagelova er alle foreldre i barnehagen medlemmer av foreldrerådet. Dei vel sine representantar til samarbeidsutvalet.

Vedtekter for Midt-Telemark kommune seier at barnehagen skal ha eit Foreldreutval (Fau) som har ein representant frå kvar avdeling med kvar sin vara. Desse vel igjen sine 2 representantar til samarbeidsutvalet (su).

Samarbeidsutvalet er eit lovfesta kontaktskapande, samordnande og rådgivande organ for barnehagen.

Foreldre og tilsette skal være likt representerte.

Personalet vel sine 2 representantar og 2 vararepr. på planleggingsdagar i august.

Foreldre vel sine 2 representantar og 2 vararepr. på foreldremøtene i september.

Eigar har ein politikkrepresentant i su

Arbeid i personalgruppene

Rammeplanen seier mellom anna dette: "Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar . Dei skal ivareta relasjonar mellom barna i grupper, mellom barn og personalet og mellom personalet og foreldre" R.p 2017

Rammeplanen gir tydelege føringar for ansvaret til eigar, styrar og pedagogisk leiar/barnehagelærar når det gjeld å drive utvikling.

Planlegging, observasjon, vurdering og fagleg påfyll er nødvendig for å fremje dette målet. Refleksjon over eigen praksis saman med kollegaer er eit viktig verktøy i arbeidet.

Mål

- Godt samarbeid og god kommunikasjon mellom dei vaksne - nødvendig for å oppnå eit klima kor ein kan være i positiv "endring og utvikling".
- Vidareutvikle organisering og det heilhetlege miljøet i barnehagen
- Utvikle den enkelte tilsette sin kompetanse og personalgruppa sin kompetanse
- Tilsette som kjenner glede og engasjement i arbeidet sitt

Korleis nå måla:

- God og tydeleg struktur og arbeidsfordeling på den einskilde avdeling, og i barnehagen som heilhet
- Ha ein møteplan med struktur som ivaretek medverknad og nødvendig kommunikasjon. Det gjeld mellom dei som skal arbeide saman på avdelinga, på tvers av avdelingar og i barnehagen som heilheit .
- I dei ulike møta må satsingsområda våre være tema og følgast systematisk opp
- Tilby kvarandre hjelp mellom avdelingane
- Medarbeidarsamtalar/utviklingssamtalar minst 1 gang pr. år
- Delta i Regional kompetanseutvikling (ReKomp) i regi av USN og Statsforvaltaren
- Utvikle praksis i tråd med verdiar og kunnskap frå prosjektet «Kvalitetskultur»

Kvalitetsskultur

Dei kommunale barnehagane i Midt-Telemark har og i fleire år vore med i dette prosjektet.

Arbeidet har fokus på **kontinuitet, kompetanse, kapasitet og kvalitet** i tenestene.

Vi har i dette arbeidet mellom anna fokus på kvalitetshjulet og samanhengane i dei ulike elementa av arbeidet vårt:



Arbeidet er nært knytt opp til det og drive utviklingsarbeid, og er derfor til god nytte når vi arbeider med utvikling av barnas leikemiljø.

Saman har dei kommunale barnehagene laga denne plakaten for normer og tabuar i personalgruppene:

Normer:

- Være støttende
- Respekt/respekterende
- Vennlighet
- Toleranse
- Lyttende

Tabu:

- Dømmende
- Overkjøre
- Ignorering
- Avvisende
- Snakke hverandre ned

Korleis ser vi at vi er i rett utvikling

- Barn som trivst og er i fin utvikling
- Vaksne som viser interesse for alle barna
- Vaksne som gjev kvarandre nødvendig informasjon for å ivareta enkelte barns behov
- Vaksne som tar initiativ til aktivitetar og spør «Kven vil være med å.....»
- Vaksne som ynskjer å seie «ja» til ulike initiativ frå ungar og vaksne – tenke seg om før ein seier «nei»
- Barn som gradvis blir trygge på alle vaksne på huset vårt.
- Vaksne som dreg nytte av kvarandre sine interesser og kompetanse, og såleis utviklar eit spennande leike –og læringsmiljø.

Tidleg og samordna innsats – tverrfagleg samarbeid

Instansar vi samarbeider mykje med:

- PPT (Pedagogisk psykologisk teneste) i Midtre Telemark har fast tid i barnehagen 3 torsdagar i halvåret
- Midt-Telemark barnevernsteneste
- Helsestasjonen i Bø
- Kommunal fysioterapeut
- Tannpleiar - i samband med dei yngste barna sine fyrste tannlegebesøk

Vi har 2 tverrfaglege møter på hausten og 3 på våren. Her deltar styrar, ped.leiarar, spesialpedagog, PPT, barnevern og helsestasjonen.

Foreldre kan og delta i møtene. Da avtalar vi kven av dei andre møtedeltakarane som er aktuelle i dei ulike sakene.

Både personale og foreldre kan be om råd og rettleiing frå disse instansane.

I tilknytning til enkeltbarn er det alltid i samarbeid med foreldra.

I dette arbeidet fylgjer vi Midt-Telemark kommune sin handbok for spesialpedagogisk hjelp i barnehagane. *(sett inn lenke)*

Vi nyttar og planen for «Barn som bekymrer». *(Sett inn lenke)*

Gjennom flerie år har vi utvikla kompetanse i samarbeid med prosjektet:

«Sammen MOT- Trygge vaksne for trygge barn»

Eit prosjekt i regi av kompetansesenteret RVTS Sør .

Det har 4 hovedelement: Trygghet – Barnesyn – Følelsesregulering - Traumeforståelse

I oppfølginga av dette skal vi:

- Halde fram med den digitale kompetansepakka «Varme vaksne» frå RVTS Sør
- Samarbeide med den kommunale eininga «Avdeling for helseframmande og forebyggende arbeid»

Det er vedtatt ein overordna plan for forebyggande arbeid i kommunen, som og er i tråd med kunnskap og verdiar frå dette prosjektet:

midt-telemark.kommune.no/om-kommunen/kommunale-planer-og-planlegging/gjeldende-planer/temaplaner/plan-for-forebyggende-arbeid/

Område 3. Eit Aktivt og spennande miljø

Fagområder

Rammeplanen definerer 7 fagområde som barnehagen skal gi erfaring og opplevingar innanfor. Områda skal sjåast i samanheng og vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Dei 7 områda er:

1. Kommunikasjon, språk og tekst
2. Kropp, rørsle, mat og helse
3. Kunst, kultur og kreativitet
4. Natur, miljø og teknologi
5. Etikk, religion og filosofi
6. Nærmiljø og samfunn
7. Mengd, rom og form

Bøhamna sitt arbeid med desse fagområda er beskrive i ein eigen progresjonsplan:

[PROGRESJONSPLAN FOR FAGOMRÅDENE I RAMMEPLANEN FOR BØHAMNA BARNEHAGE \(midt-telemark.kommune.no\)](https://midt-telemark.kommune.no)

Den digitale praksis i barnehagen

Rammeplanen seier at den digitale praksisen i barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Dei **vaksne skal delta saman med barna** i bruken av digitale verktøy og utøve digital dømmekraft.

Vi må jamleg reflektere over og vurdere korleis barnehagen arbeider i samsvar med denne målsettinga.

Vi vil følge kommunen sin digitaliseringsplan for oppvekst, og delta i ressursgruppe for oppfølging av planen

Samarbeidspartar i nærmiljøet

- Universitet i Sørøst-Norge .
 - Vi samarbeider om bruk av nærmiljøanlegg
 - Besøk/lån av utstyr frå naturavdelinga
 - Vi er partnerbarnehage for barnehagelærarutdanninga
 - Samarbeid med idrettsstudentar om aktivitetar saman med barna
 - Grønsakhagen vår ved USN bålpanna, er ein del av barnehagens naturlege aktivitetsområde
- Kroa i Bø – lån av lokale til aktivitetar for barn, arrangement
- Bassenget i Gullbring til bading med førskulebarna
- Biblioteket i gata – låner bøker og deltar på lesestund
- Vi vil nytte oss av nærmiljøet og utvikle samarbeid med aktørar i område



Årshjul for Bøhamna barnehage

Kvar avdeling lagar periodeplanar for tema og aktiviteter tilpassa alder, barnegruppe og årstid

Måneder	Innhold	Merknadar, veker/datoer
AUGUST	Oppstart - Bli kjent med kvarandre og livet i barnehagen - Skape gode rammer og rutiner for tryggleik og utvikling 	- Planleggingsdager torsdag 13.08 og fredag 14.08, barnehagen stengt - Nye barn startar frå 17.08, følgjer dei avtaler foreldre har gjort med personalet
SEPTEMBER	Fortsette «Bli-kjent» prosessar Brannvern og beredskap 	- Foreldremøter: Veslefrikk og Nøtteliten: Ons. 09.09 Tyrihans og Revehiet: Tors. 10.09 - Brannvernuke veke 38
OKTOBER	FORUT-prosjekt: «Sanjana og drømmejobben»  FN -dagen og FNs barnerettigheter	- Aksjonsdag m/ foreldre Torsdag 22.10 kl 15.00-16.30 - Foreldresamtalar frå veke 42
NOVEMBER	<i>Eventyr - Forteljingar og leseglede?</i> 	- Foreldresamtalar - Planleggingsdag fredag 6.11 Barnehagen stengt
DESEMBER	Advent -Lucia - juleforberedelser	Førjulsfest med foreldre torsdag 10.12 kl 15.00-16.30 Nissefest for barna torsdag 17.12

Måneder	Innhold	Merknader, veker/datoer
JANUAR		- Planleggingsdag mandag 04.01 Barnehagen stengt - Foreldremøte for barn på skoleklubben <i>dato? Veke?</i> - Digital brukerundersøking til foreldra
FEBRUAR	Samisk kultur og samedagen  Fastelavn Karneval Vinteraktivitetsdag uke 7, 9 eller 10 – vurdere utifrå snø -og værforhold	- Karneval fredag 12.02 
MARS	 Påske	- Overgangssamtaler for skolestarterne uke 9-11 - Påskefrokost med foreldre fredag 19.03 kl 07.45-09.30
APRIL	Nytt liv i naturen   Våropprydding - Rusken aksjon med barna	
MAI	 17.mai forberedelser Øving til sommerfest Besøk mellom avdelinger – forberede til ny avd. Besøk av nye barn og foreldre	- Planleggingsdag fredag 07.05, barnehagen stengt - Dugnad m/foreldre veke 19 - Øve på 17.mai tog fredag 14.05 - Fotografering fredag 28.05 - Foreldremøte for nye foreldre Onsdag 19.05 - Frå veke 21: Oppstartssamtaler og overgangssamtaler mellom avdelinger
JUNI	Besøk av nye barn og foreldre  Øving til sommerfest	- Fortsette samtalar - Sommerfest torsdag 10.06 kl 16.00-18.00
JULI		Sommerferiestengt i veke 29, 30 og 31.

Område 4: Dokumentere og synleggjere verksemda

Rammepalen seier at dokumentasjon av barnehagens pedagogiske arbeid kan gje foreldre, lokalmiljøet og kommunen informasjon om kva barn opplever og lærer i barnehagen. Dokumentasjonen kan synleggjere korleis barnehagen oppfyller krav i rammeplanen og barnehagelova

Eit etisk perspektiv skal ligge til grunn ved dokumentasjon av barnegrupper og enkeltbarn.

Slik vil barnehagen arbeide med dette:

- Det skal gis ut avdelingsvis månadsbrev/månadsplan som fortel kva vi har jobba med og vegen vidare, via Visma foreldreapp
- Bilete og små tekstar som synleggjer dagleglivet i barnehagen i Visma app
- Munnleg dokumentasjon i form av daglege samtalar med foreldre
- Nytte nærmiljøet og delta i det, slik vi har omtala tidlegare i planen
- Invitere lokal presse
- Midt-Telemark kommune si heimeside og facebook side

